

Distriktslege med byggeløyve

■ JARLE HJARTAAKER

Lege i Helsebanken, Øystese

Eg er fødd i Norheimsund i 1956, oppvaksten i Steinsdalen like ovanfor Steinsdalfossen. Far min var snekkar og me var sju søsken i eit lite Rødlanshus som far min bygde på kveldstid. Det var alltid noko praktisk som føregjekk med snekring eller bilprosjekt. I august 1973 drukna far min og to små brødre av meg og eg fekk mykje av dei rollene som omfatta praktisk arbeid i heimen. Dette har nok betydd mykje for det eg driv med i dag, både medisinsk og i det praktiske.

Bestefar min vart ein viktig person for meg. Han var felemaker, bonde, bygdeslakter og alt mogelegmann. Han klipte folk og trekte tenner. Det var ein stor og godmodig mann. Han og besto sendte brev til meg

heile tida medan eg studerte. Det var pakkar med strikkasokkar med hundrelappar i til ein fattig student. Bestemor mi var veldig omtensksam, fortalde oss mykje frå tida ho vaks opp. Då budde ho i Minnesota der foreldra hennar slo seg ned etter å ha utvandra i 1890 åra.

ETTER GYMNASET arbeidde eg to år og så, i 1977, begynte eg på medisinstudiet i Groningen i Nederland. Eg bestemte meg tidleg for at eg ville studera medisin. Fleire ting frå mitt eige liv gav meg motivasjon til dette. Aldri har eg angra på dette valget. I Groningen lærte eg å bruke ultralyd under turnustenesta. Dette fekk mykje å seie for praksisen min seinare og eg har drive med

ultralyd i almenmedisin sidan 1983. Eg har også organisert ultralydkurs i mange år. Dette har gjort arbeidet veldig motiverande og rikare. Eg har prøvd spreia den gode budskapen til mange andre og meiner det burde vore i alle praksisar. Dette manglar det enno mykje på. Å få auger på fingrane gjer mykje ny og nyttig informasjon, det har gjort arbeidet meir spennande og ein får testa ut ein del diagnostiske hypoteser med det same. No er billedkvaliteten så god at det er eit svært nøyaktig hjelpemiddel og prisane er låge for godt utstyr. Som i alle yrke er det nok perioder som er tyngre, men eg har enno ikkje kvidd meg for å gå på arbeid og eg føler at fritida har vore med på å skape eit overskot til å mak-





te jobben , sjølv om dette har vore ein jobb i seg sjølv. Det er nok ikkje alltid det me gjer som hjelper andre, men ofte like mykje det me er for dei. Som samtalepartner gjer me sannsynleg like mykje som det pillane våre utretter og eg kjenner meg heldig som kan ha mykje å snakka med mange av pasientane om. Gamle hus og bilar, og ellers det som pregar slike små lokalsamfunn som dei eg praktiserer og bur i. Eg har mykje kunnskap om gamle slekter og kva slags sjukdomar dei hadde. Slik er Ættarbok for Kvam eit godt ekstra bokverk som set slekter i samanheng.

BYGG OG BYGGESKIKK har alltid interessert meg. Heilt frå me var ungar bygde me hytter og snekra ute. Dette har vore ein aktivitet eg har helde på med på sida av yrket mitt heile tida. Det har vore opp-pussingsprosjekt av fleire hus.

Interessa for gamle hus har ført meg mange stader. Eg møtte blant anna Paul Christian Rieber som skulle få sett opp att ei bu i fjellet mellom Voss og Kvam. Eg sa han kunne få eit gammalt laft av meg då det originale huset som skulle byggjast opp opprinneleg var bygt i 1884, hadde vorte teken av stormen fleire gonger. Huset vart fjerna like etter år 1900. Berre ei stein-



røys låg att der grunnen hadde stått. Med pasientar og venner bygde med opp att Kiellandbu på Løkjedalsnuten. Nokre helger med dugnad skapte ei flott hytte, som etter den var ferdig, vart gitt til Turistforeininga. No er den ein del av deira hyttetilbod. Ein slik dugnad er noko av det kjekaste eg har vore med på og det gav gode kjensler for alle som deltok. Kvar helg fekk me besøk av Christian Rieber. Han var då over 80 år, men gjekk heile vegen for å følge med på det som skjedde. Ein veldig hyggeleg og inspirerande mann.

I 1996–97 begynte eg å byggja opp Hardingasete på Ljones. Her har eg bygd opp att gamle hus som eg har flytta frå mange stader. Det har berre vore rivningshus, nesten alle er tømmerhus, men det er nokre stavbygg. Kanskje er det det prosjektet som har gitt mest utfordring og spenning. Det er lagt vannbåren varme frå sjøen til alle husa. Anlegget er sjølvbygd med isolerte grøfter som er laga av isoporkasser. Husa er plassert i terrenget utan planlegging på kart og alle store tre er teke vare på. Her har eg utfolda meg med mykje som har gitt

avkopling frå arbeidet på legekantoret. Mykje vert planlagt i tankane og lagra der utan noko særleg med teikningar og skisser. Eg kan ofte sjå det føre meg, og dette gjev ein slags kick som er veldig motiverande. På denne måten er det meste planlagt. Slik vert tidlege morgonar brukte, og når eg er ute på farten i bil eller på reiser.

INTERIØRET er i stor grad frå den tida husa var nye, men det er naturlegvis gjort noko endringar. Opp gjennom åra har eg samla mange tusen gjenstandar som utgjer mykje av innredninga i husa. Mykje får eg tilbod om gjennom pasientar som vil bli kvitt ting dei ikkje bryr seg om lenger, men som dei meiner kan vera med å skape miljø på Hardingasete. Tunet er bygd opp av 21 hus. Det inneheld konferansebygningar og matservering, samt overnattingsmogelegheiter for omtrent 80 personar. Her er eg ofte med story-telling og møter mange kjekke og interessante personar. Som oftast brukar eg bryggjarhuset som eg har der. Her produserer me øl og sider som vert severt med gode historier og noko å bita i.

For fem år sidan begynte Siv og eg med eit nytt prosjekt. Me skulle byggja oss nytt hus og eg hadde eit hus liggande som eg hadde demontert i Samnanger. Det var eit sveitserhus frå 1899. Me hadde kjøpt oss tomt i Øystese og bygde hus, løe og stabbur av rivningshus. Her flytta me inn for vel fire år sidan. Det har såleis vore recycling av mange gamle bygningar som har vore livet mitt utanom det å vera lege og driva med eit fag som eg er veldig glad i. Husbygginga og det å ta vare på ein kulturarv har vore veldig inspirerande og det er nok ofte litt samtale rundt dette på kontoret også. Mange av mine pasientar er eldre personar. Denne ressursen av masse kunnskap får eg ofte ta del i, og mange blir engasjerte når dei kan læra doktoaren noko. Eg seier at eg er heldig som har så mange konsulentar på besøk heile tida. Mykje lærdom om gammal byggeskikk kjem frå desse konsulentane, det gir gode samtaler og felles glede for alle.

God jul til alle saman.

■ JARLEHJARTAAKER@GMAIL.COM

